



Hjelmeland kommune

Rådmannen

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

NA - CBR

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
00/1587-11	
DATO 10 JUNI 2003	
AN	EKSP
511.175E	

Løpenr.
003920/03

Arkivsaksnr.
03/00535-005

Arkivkode
S10

Dykkar ref.

Dato
22.05./04.06.03

UTTALE GJELDANDE NVE SI INNSTILLING DATERT 26.03.03 OMHANDLANDE M.A. REVISJON AV VILKÅRA FOR KONSESJON GITT 19.11.1948 FOR REGULERING OG OVERFØRING AV ÅRDALSVASSDRAGET I HJELMELAND KOMMUNE

Hjelmeland kommune har motteke kopi av NVE si innstilling datert 26.03.03, og har disse merknadane:

1. Saksdokumenta.

Av NVE sitt innstillingsdokument framgår at saksdokumenta følgjer vedlagt innstillinga til OED. Hjelmeland kommune føreset at m.a. følgjande dokument frå Hjelmeland kommune inngår i denne vedleggsmassen:

- 1.1 Krav om vilkårsrevisjon datert 18.11.98.
- 1.2 Uttale datert 20.06.01 basert på konsesjonæren sitt revisjonsdokument, datert 28.03.01
- 1.3 Krav om endra vilkår for konsesjonane regulering og overføring av Årdalsvassdraget m.m, datert 28.02.02

Hjelmeland kommune syner generelt til desse dokumenta.
I det følgjande vil kommunen anføre spesifikke referansar i dei same dokument.

2. Hjelmeland kommune sine krav og NVE si innstilling om same.

2.1: Hjelmeland kommune vedtok i kommunestyremøtet den 28.02.02 følgjande nye/endra krav til vilkåra for konsesjonane gjeldande regulering og overføring av Årdalsvassdraget:

2.1.1: Innføring av regelverk for naturforvaltning av elva basert på demokratisk lokalt engasjement (modifisert DN standard).

2.1.2: Minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring før regulering.

2.1.3: Årleg yting kr 75.000.- til kommunen til kvalitetsheving av vilkåra for fisk, vilt og friluftsliv innan kommunen sine grenser.

Adresse:
4130 Hjelmeland

Telefon:
51 75 70 00
Direkte:
51 75 70 11

Telefax:
51 75 70 70

Bankgiro:
3207 07 00750

E-post:
postmottak@hjelmeland.kommune.no

2.1.4: Eliminering av "gjennreisningseffekten" i konsesjonsavgiftsnivået for hovudkonsesjonen (1948-konsesjonen).

2.1.5: Etablering av disse anleggstekniske innretningar:

- byggje og halde vedlike veg for utsetjing/opptak av båt på Lyngs- og Nilsebuvatnet (i område ved hovuddammene),
- anlegg for registrering av pålitelege opplysningar om vassføringa i Storåna oppstraums samløpet Tveit og i området Svadberg og i Bjørg (automatiske vassmålingsmerke plassert i samråd med NVE).

2.2. NVE si innstilling om nye tidstilpassa vilkår for 1948-konsesjonen:

2.2.1: Minstevassføring 1 m³/sek vinter og 2 m³/sek sommar, referert vassmerke Kaltveit.

2.2.2: Innføring av DN standard for naturforvaltning.

2.2.3: Årleg yting kr 10.000.- til fremja av vilt, fiske og friluftsliv i kommunen.

2.2.4: Valfritt utsleppspunkt minstevassføring Breiavad eller Lyngsvatnet etter godkjenning av NVE.

I tillegg tilrår NVE at følgjande vert innført:

- standardvilkår for forureining,
- standardvilkår for tersklar,
- innføring av OED-prisen på konsesjonskraft.

3. Fleire konsesjonar frå ulike tidspunkt.

Regulering og overføring av Årdalsvassdraget til Stølsåna (Lysebotn) er forordna i tre konsesjonar og ei planendring i tidsrommet frå 1948 til 1962.

Hjelmeland kommune la til grunn at ein ut frå praktiske omsyn burde kunne revidere det samla konsesjonsomfanget ved denne vilkårsrevisjonen.

NVE legg til grunn at gjeldande vilkårsrevisjon berre kan omhandla 1948-konsesjonen.

Dette betyr formelt høve for Hjelmeland kommune til vilkårsrevisjon igjen både i 2011 og 2012 gjeldande regulering og overføring av Årdalsvassdraget.

Hjelmeland kommune tek dette til etterretning.

4. Revisjonsomfanget.

Den oppfatning NVE har lagt til grunn for kva ein vilkårsrevisjon etter vassdragsreguleringslova kan omfatte, er basert på NVE (og delvis OED) si forståing av Ot.prp.nr. 50, 1991-1992 og Innst. O.nr. 66, 1991-1992, samt seinare avgjerd i klager og politiske vedtak.

I tillegg refereres også til lov av 3. juni 1983, nr 51 og lov av 12. juni 1987, nr 62 samt St.meld. nr 37, 2000-2001 med korresponderande innstilling S.nr- 263, 2000-2001 og St.meld.nr 24, 2000-2001.

NVE's standpunkt er at det i vilkårsrevisjon i hovudsak skal leggjast vekt på miljøutbetrande tiltak (Innstillinga s. 68, nest siste avsnitt. Ref. også NVE sin sakshandsamingsguide, V-notat 9/98, s. 6, første avsnitt).

Etter Hjelmeland kommune si vurdering er NVE si oppfatning av heimla revisjonsomfang langt snevrare enn kva lovgjevar la til grunn då revisjonsprinsippet vart lovfesta (10. april 1959).

Hjelmeland kommune finn NVE sin bruk av lovverket med førearbeid tilnærma tendensiøst og målretta selektiv.

Korrekt og dekkande forståing av revisjonsomfanget må etter Hjelmeland kommune sitt syn framstå på grunnlag av det samla ordningsverk (komitearbeid, førearbeid og føringar i Stortinget), og ikkje i hovudsak berre på grunnlag av lovarbeidet som førte fram til 1992-lova.

Som dokumentasjon for sitt syn vil Hjelmeland kommune ved dette høvet avgrense seg til nokre få supplerande referansar.

Proessen som førte fram til lovfesta revisjonsadgang, begynte med komitearbeid ("Komiteen til revisjon av vassdragsreguleringsloven m.v. Oslo 1953").

I denne komiteinnstilling heiter det (side 22-23):

"Et flertall – vil ha en bestemmelse om at når konsesjon er gitt på ubegrenset tid, skal det være adgang til å kreve revisjon av konsesjonsvilkårene etter 50 år. Denne periode svarer til konsesjonstidens normale lengde ved tidsbegrensede konsesjoner. Forholdene kan som kjent endres meget i tidens løp.

Konsesjonsvilkår som var rimelege og gode da de ble gitt, kan etter hvert bli temmelig antikverte og urimelege. Nye forhold som krever nye bestemmelser kan komme opp. Og sist – men ikkje minst: Konsesjonslovgivningen er stadig gjenstand for forandringer, som ikke kan gjøres gjeldende for tidligere gitte konsesjoner på grunn av grunnlovens forbud mot å gi loven tilbakevirkende kraft. Såleis vil flere av de endringar som komiteen foreslår ikke kunne gjøres gjeldende for allerede gitte konsesjoner."

Frå departementet sitt utviklingsarbeid av forslaget til 1959-lova (Ot.prp..nr. 39, 1958, s.11) refereres:

"Departementet finner det for sitt vedkommende rimeleg at det blir adgang til en slik revisjon. Enkelte av vilkårene kan på grunn av endrede forhold eller på grunn av omstendigheter som en ikke hadde oversikt over den gangen konsesjonen ble gitt, etter hvert virke urimelige, mens det på den annen side kan være naturlig og ønskelig med nye bestemmelser. Revisjonen bør ta sikte på en å jourføring, men konsesjonæren bør likevel ha adgang til å frafalle konsesjonen hvis han ikke ønsker å godta de nye vilkår."

"Man kan ikke uten videre legge til grunn at innholdet av de nye vilkårene i seg selv må representere en økonomisk merbelastning for konsesjonæren. På den annen side vil arbeidet med revisjonen nødvendigvis medføre ekstra utgifter. Under enhver omstendighet vil hensynet til konsesjonærens økonomi og de samfunnsøkonomiske kostnader være sentrale moment ved avveien av hvilke endringar som kan og bør foretas. Overfor gamle reguleringar hvor anlegget for lengst er nedskrevet, kan det nok sies å være grunn til å gå lenger ved revisjonen enn ved nyere konsesjoner. På den annen side må man ta hensyn til at forholdene har festet seg gjennom lang tid. En overskridelse av forbudet i grunnlovens § 97 mot en urimelig og vilkårlig tilbakevirkning anser departementet imidlertid som en lite aktuell problemstilling."

Det er grunn til å registrere at lovgjevar såg potensiell vilkårsrevisjon så omfattande at det måtte følgjast opp med lovheimla rett for konsesjonæren til å seie frå seg konsesjonen om han ikkje ville finne å kunne godta dei reviderte vilkåra.

Forståinga av § 97 i grunnlova om forbod mot lovbestemmelse med tilbakeverkande kraft, førte mellom anna til at regelen i 1959 lova om indeksjustering av den årlege konsesjonsavgift, ikkje vart gjort gjeldande for konsesjonar gitt før 1959.

Hjelmeland kommune finn her grunn til å vise til at departement og storting i 1983, etter særskild grundig vurdering i m.a. Justisdepartementet (lovavdelinga), kom til det motsatte resultat, jfr. Ot.prp.nr. 1, 1981-82, side 27, 2. spalte og Innst. O.nr. 77, 1982-1983.

Hjelmeland kommune meiner altså å finne prinsipiell støtte for ein potensiell vid og omfattande vilkårsrevisjon i særlege høve.

Hjelmeland kommune meiner for øvrig at den meiningsskilnad som gjer seg gjeldande i spørsmålet om kva type konsesjonsvilkår som kan inkluderast i ein vilkårsrevisjon, og dei kontrovers dette utløyser i prosess og saksframstilling, er uakseptabelt.

I den utstrekning det skal utøvast favorisering og konkurransevridning mellom aktørane i kraftproduksjonen, i prinsippet vilkårleg fordel, gjennom kvalitetsforskjell på fornying og revisjon av konsesjon, må dette utvetydig uttrykkjast i distinkt regelverk.

Hjelmeland kommune vil difor be departementet syte for å få dette klargjort gjennom meldings-behandling i Stortinget. Dette må tilretteleggast slik at Stortings-klareringa også vert gjort gjeldande for dei revisjonssaker som alt er framførte for avgjerd.

5. Hjelmeland kommune sine krav om reviderte/nye konsesjonsvilkår. NVE si innstilling.

Hjelmeland kommunestyre vedtok i møte den 27.02.02 reviderte/nye krav til konsesjonsvilkår for konsesjonane, regulering og overføring av Årdalsvassdraget.

Vedtaket lyder:

”I anledning fastsett revisjon av konsesjonsvilkåra regulering og overføring av Årdalsvassdraget, krev Hjelmeland kommunestyre at gjeldande konsesjonsvilkår vert tilførte følgjande tilleggs-/endringsvilkår:

1. Vilkår naturforvaltning.
 Generell heimel for pålegg (modifisert DN standard naturforvaltning)
 Konsesjonæren pliktar ut frå føresetnadene etter nærare vedtak og retningslinjer frå Direktoratet for naturforvaltning i samråd med Hjelmeland kommune
- a) å syte for at tilhøva i Årdalsvassdraget er slik at fiskestamma i vassdraget i størst muleg grad kan oppretthalde naturleg god rekruttering og produksjon, og

at dei naturlege livsvilkår for fisk, planter og dyr er minst muleg forringa,

- b) å kompensere for skader på den naturlege rekruttering av fiskestamma ved tiltak,
- c) å syte for at vandringstilhøva for fisken i vassdraget vert mest muleg optimal,
- d) å syte for at vilkåra for å fiske i vassdraget vert optimale,
- e) å syte for at tilhøva for plante- og dyrelivet i områda tilknytta reguleringa/overføringa er minst muleg skadelidande,
- f) å sørge for at bruks- og opplevingskvalitetane i regulerings-/overføringsområda er best muleg for friluftslivet, eventuelt gjennom kompenserande tiltak,
- g) å syte for å opprette eit utviklings- og oppfølgjingsorgan gjeldande tilhøve og tiltak i vassdraget ifølgje ovaståande forvaltningsheimel 10.1, a-f.
Konsesjonæren, kommunen og elveeigarlaget skal ha representasjon i organet, som også kan knyte til seg konsultative medlemmer.
- h) Hjelmeland kommune fører i samråd med DN tilsyn og kontroll med overhalding av vilkår og gjennomføring/vedlikehald av tiltak gitt/pålagt etter denne forvaltningsheimel.
- i) Konsesjonæren skal utgreie alle utgifter som denne naturforvaltningsheimel utløyser.

2. Minstevassføring.

- 2.1 Konsesjonæren skal sikre minstevassføring lik alminneleg lågvassføring før regulering.
- 2.2 Hjelmeland kommune vil sjå positivt på utnytting av vatn som må sleppast frå konsesjonæren sine magasin til kraftproduksjon.

3. Kompenserande yting i natur, miljø, friluftsliv, fisk og vilt.

Som kompensasjon overfor dei allmenne interesser som følgje av tap og ulemper ved regulering og overføring Årdalsvassdraget, yter konsesjonæren årleg kr 75.000.- til Hjelmeland kommune.

Kommunen skal bruke midlane til kvalitetsheving av vilkåra for fisk, vilt og friluftsliv innan sine gjeldande grenser.

4. Nivå konsesjonsavgift.

Konsesjonsavgifta må harmoniserast og fastsetjast likt for alle konsesjonane til kr 30.-/nat.hk. pr 01.01.02.

5. Anlegg/tekniske innretningar.

- 5.1. Konsesjonæren byggjer og held vedlike veg for utsetjing/opptak for båt på Lyngsvatn og Nilsebuvatn i tilknytning til anleggsvegen.

- 5.2. Konsesjonæren skal syte for registrering av pålitelege opplysningar om vassføringa i Storåna ovan samløpet Tveit og i området Svadberg, og i Bjørg.
Plasseringa av automatiske vassmålingsmerke skal skje i samråd med NVE.”

Hjelmeland kommune held fast på desse vilkårskrava, i visse høve i modifisert form.

Om det enkelte vilkårskrav:

5.1. Naturforvaltning

Hjelmeland kommune krev at det vert innført heimel for løpande aktuelle pålegg til konsesjonæren knytta til natur og miljø i Årdalsvassdraget.

Regelverket for dette er modifisert DN Standard naturforvaltning.

Grunnlaget for det regelverk Hjelmeland kommune krev innført, er kort omtala i kommunestyresaka 0010/02 for møtet 27.02.02, pkt. 7.2.2.2, som det vises til.

Den sentrale grunngjeving er:

- a) regelverket skal ha lokal demokratisk forankring,
- b) regelverket skal katalysere eit samspel mellom DN, konsesjonær og vertskommune,
- c) regelverket skal stimulere og kanalisere det lokale engasjement for fiske, natur og miljø i og omkring vassdraget.

NVE støttar ikkje kommunen sitt krav, men tilrår den generelle DN standard innført. Grunngjevinga ser ut for å vere at DN skal ha ansvaret for å følgje opp vilkåra om naturforvaltning.

Hjelmeland kommune stiller seg uforståande til at ikkje NVE ser det positivt og interessant å få utprøvd den DN-varianten kommunen har utforma. Det er feil av NVE å forstå forslaget/kravet slik at det tek ansvaret bort frå DN, men vertskommunen skal takast med på råd og medverke i konstruktive prosessar.

På dette grunnlag ber kommunen på det sterkaste om å få prøve ut den utvikla naturforvaltningsvarianten.

Erfaring med modellen kan eventuelt vurderast ved nærast påfølgjande revisjonstidspunkt for vassdraget (år 2011).

Det vises elles til arbeidet med ny planlov.

5.2. Minstevassføring

Hjelmeland kommune sitt krav av 28.02.02 er utslepp av vatn slik at minstevassføringa vert tilsvarande alminneleg lågvassføring før regulering, i følgje Hydrologisk avdeling NVE minstevassføring Nes (oppstraums samløpet Lyngsåna) og Leirberget/Tveit (nedstraums samløpet Bjørg) respektivt 1.2 m³/sek og 5.5 m³/sek.

NVE tilrår minstevassføring 1 m³/sek i tida 16.09.-31.05. og 2 m³/sek i tida 01.06.-15.09., alt registrert målepunkt Kaltveit.

Konsesjonæren skal foreslå utsleppsstad som NVE skal godkjenne.

Mange aktører har uttala seg om kvantum minstevassføring.

Hjelmeland kommune er etter nærare og grundig vurdering kommen fram til modifisert krav som følgjer.

I grunnlaget for dette kravet har kommunen lagt vekt på:

5.2.1.

Framstillinga av tilstanden alminneleg lågvassføring i elva før regulering er svært usikker for elvestrekket oppstraums Bjørg, då det manglar pålitelege observasjonar og måledata.

Det modellresultat hydrologisk avdeling NVE har komme fram til, stiller kommunen seg skeptisk til. Minstevassføring oppstraums Lyngsåna og nedstraums Bjørg henholdsvis 1,2 m³/sek og 5,5 m³/sek tykkjast ikkje å stå i forhold til dei respektivt tilliggjande tilsigsfelt.

Det vises for øvrig til Ambio-rapporten datert 01.06.03, som vert oversendt OED frå Noregs Jeger- og Fiskerforbund, Rogaland, og uttalen frå Årdal elveeigarlag.

5.2.2.

Fiskebiologisk er det avgjerande å sikre smolten minimum av vatn også i mai månad. Det er også presserande å sikre smolten/laksen maksimalt vassdekt elveareal.

5.2.3.

Ikkje minst seinsommarstid kan temperaturen ofte verte forholdsvis svært høg over lengre periode. Dette får til dels dramatiske følgjer i elva dersom vassføringa er svært begrensa (høg vassstemperatur). På aktuell tid av året er det stor samanheng mellom temperatur og vassføring.

5.2.4.

Elvestrekket oppstraums Bjørg – Rusteinen (ca 7 km) er svært viktig for rekrutteringa og laksen generelt.

5.2.5.

Kravet om utsleppsvatn for å oppfylle krav minstevassføring, vil aktiviserast for til dels korte periodar av året varierende frå år til år.

Følgjene tapte energiproduksjon i Lysebotn påreknast å verte bagatellmessige i høve til verket sin årlege middelproduksjon ca 1,25 TWh.

Hjelmeland kommune er i hovudsak på referert grunnlag kommen fram til slikt modifisert krav minstevassføring registrert målemerke Kaltveit:

Vinter	16.10. – 30.04.:	2 m ³ /sek
Sommar	01.05. – 15.10.:	3 m ³ /sek

Utsleppsstaden er av vesentleg betydning for rekrutteringsarealet i elva, men kanskje i særleg grad for naturkvalitetane frå Nes bru mot Viglesdalen.

Elvestrekket Rusteinen – samløpet Lyngsåna er verdifullt for fiskeyngelen (og gytefisken). Turistferdsla Nes bru – Viglesdalen er sterkt aukande. Dess meir vatn i strekket Viglesdalen-Hia-Nes bru, dess større naturkvalitetar i turområdet.

Hjelmeland kommune ber difor om at utsleppsvatnet vert lagt i dette elveleie.

5.3. Kompenserande yting i natur, miljø, friluftsliv, fiske og vilt.

Hjelmeland kommune stiller krav om årleg yting frå konsesjonæren på kr 75.000.- til desse kommunale tiltaka.

NVE tilrår kr 10.000.-, det same som til Forsand kommune.

Hjelmeland kommune har vurdert det slik at desse midlane også kan nyttast til å stimulere tiltak utover regulert nedbørsfelt og overførte elvar. På den måten vil midlane smla kunne ha større kompenserande effekt.

Ut frå dei ulemper reguleringa og overføringa har medført, ikkje minst for vassdraget i lågare område, meiner Hjelmeland kommune at likestilling av kommunane Forsand og Hjelmeland i omhandla relasjon gir eit ubalansert resultat.

Ut frå den praksis det vert referert til i andre reguleringar finn kommunen det rett å moderere kravet på dette punkt til årleg indeksregulert yting kr 50.000.- pr 31.12.03.

5.4 Nivå konsesjonsavgifta.

Hjelmeland kommune har i sine oversende dokument:

- krav om revisjon – datert 18.11.98, pkt 3 og 5.3,
- førebels uttale datert 21.06.01 (k.styret 20.06.01), pkt. 9.1, og
- kravdokumentet datert 27.02.03, pkt. 7.1 og 9.2

omtala vilkåret nivå konsesjonsavgift.

Det refereres til det som under desse punkta er anført.

Hjelmeland kommune har stilt krav om at konsesjonsavgiftssatsane vert endra og fastsette likt for alle konsesjonane i Årdalsvassdraget til årleg kr 30.-/nat.hk. pr 01.01.02.

NVE avviser dette, for det første som umuleg all den tid det kun er vilkåra 1948-konsesjonen som vert reviderte, men også fordi kommunen har fått sine justeringsinteresser ivaretekne i følge lov av 3. juni 1983, nr. 51 (ref. også lov av 12. juni 1987, nr. 62).

Argumentet ”berre 1948-konsesjonen” er greitt nok. Hjelmeland kommune har ikkje problem med å korrigere sitt krav til å kun gjelde 1948-konsesjonen.

Men henvisninga til 1983-lova syner at NVE har misforstått Hjelmeland kommune sitt grunnlag for å krevje endra årleg sats konsesjonsavgift kapitalt og fullstendig.

Hjelmeland kommune har ikkje, verken munnleg eller skriftleg, grunnlagt sitt krav med å hevde at kommunen ikkje har fått den indeksjustering 1983-lova bestemte for konsesjonar gitt før 10.04.59, dvs. oppjustering av 1948-satsen (kr 1.-) i takt med synkende kroneverdi (oppretthalde realverdien).

Men når det er anført, må det tilføyast at kommunen kanskje ikkje har realverdien av 1948-krona inntakt med gjeldande sats kr 14.16 pr 31.12.2001.

Det Hjelmeland kommune har grunnlagt kravet med, er i korte trekk følgjande:

Avståing av vatnet i Årdalsvassdraget for regulering og overføring til kraftproduksjon i Lysebotn, og dei areal som medgjekk til aktuelle magasin, var for det kommunale samfunn si side ei gjenreisingsyting til lokalsamfunnet og region utan krav om nemnande gjenyting. Ryfylke og Rogaland måtte tilførst billigst muleg el-energi snarst råd, og då var det ikkje syn for å drive prispress gjennom høge gjenytingskrav. Det var situasjonsbestemt uaktuell tankegang og politikk.

Det faktum at Industridepartementet under konsesjonshandsaminga uka kommunen sitt krav om sats årleg konsesjonsavgift med 100%, talar for seg (frå kr 0,50 til kr 1,00/nath).

Det er effekten av referert gjenreisingsyting frå kommunesamfunnet som Hjelmeland kommune nå vil ha eliminert ved "revurdert" sats til kr 30.-/år pr nat.hk. pr 01.01.02.

Om m.a. konsesjonsavgifta utaler OED i brev referert i Ot.prp.nr. 1, 1981-1982, side 22, 2. spalte:

"Avgifter fastsatt etter vassdragsreguleringsloven og ervervsloven er ment å gi kommuner og fylkeskommuner del i de verdier en kraftutbygging skaper samt å gi ein viss kompensasjon for skader/ulempar av mer generell karakter som ikke dekkes av skjønnnet."

Om førstegongsfastsetjinga er følgjande referert i same proposisjon:

- det "tas hensyn til de virkninger utbygginga eller reguleringa får for distriktet, i hvilken utstrekning det oppstår skadevirkninger som ikke dekkes ved skjønn, samt hensyn til tiltakets lønnsomhet."

Ref. Ot.prp.nr. 62 for 1973-1974.

Når ei held dette saman med at konsesjonsavgiftssatsane for konsesjonane 1961 og 1962 er over dobbelt så høge som satsen for 1948-konsesjonen, og at det var 1948-konsesjonen som la grunnlaget for den desidert største verdiskapning, samt resulterte i dei mest betydelege skader og ulemper, vert dimensjonen av "gjenreisingsytinga" ytterlegare dokumentert.

Etter Hjelmeland kommune sitt syn ligg det her føre soleklare situasjonsbestemte "særegne forhold" som kan og skal opprettast ved ein vilkårsrevisjon.

Hjelmeland kommune vil også vise til at om så ikkje skjer under vilkårsrevisjonen, vert betydeleg konkurransefavorisering ført vidare.

Denne konkurransevidning står i konflikt med EFTA's regelverk om like konkurransevilkår i kraftbransjen.

Hjelmeland kommune syner til ovaståande og dei anførte referansar, og står fast på sitt krav om at den årlege satsen for konsesjonsavgift 1948-konsesjonen under vilkårsrevisjonen må fastsetjast til kr 30.-/nat.hk. pr 01.01.02.

5.5 Øvrige krav.

Hjelmeland kommune har ikkje merknader til NVE si innstilling gjeldande øvrige krav, frårekna at kommunen føreset etablert pålitelige vassmerke også i området Svadberg og i Bjørg.

5.6. Merknad.

5.6.1. Næringsfond


Hjelmeland kommune har ikkje vurdert eller teke stilling til om krav om næringsfon etter lov og regelverk kan gjerast gjeldande ved vilkårsrevisjon.

Hjelmeland kommune har ved denne revisjon vald å avgrense dei direkte økonomiske krav til regulering årleg konsesjonsavgift og årleg yting til kompeserande tiltak i natur, miljø, friluftsliv, fiske og vilt.

5.6.2. OED pris konsesjonskraft.

NVE har opplyst at formuleringa i § 14 i reglementet om innføring av OED-pris på konsesjonskraft, er ein inkurie.

NVE innstiller ikkje på endring av dags praksis, dvs. sjølkostprinsippet for verket. Dette vil NVE opplyse OED om i særskilt brev.

Med helsing

Øyvind Bergøy
rådmann


Jone Kvame
konsulent

Vedlegg	1	av:	1
Sak:	00/1587-11		

Arkivsaknr: 03/00535-010
 Arkiv kode: S10
 Unnateke off:

SAMLA SAKFRAMSTILLING

Saknr.: Utval
 0066/03 Hjelmeland formannskap

Møtedato
 04.06.03

Saksbehandlar:	Jone Kvame
Klagerett over vedtak:	
Utskrift vert sendt til:	Olje- og energidepartementet Norges vassdrags og energidirektorat Lyse Produksjon A/S Årdal elveeigarlag Forsand kommune

REVISJON KONSESJONSVILKÅR ÅRDALSVASSDRAGET - UTTALE

Hjelmeland formannskap den 04.06.03 sak 0066/03

Jone Kvame møtte og orienterte i denne saka. Forslag til revidert uttalebrev til OED vart framlagt i møtet.

Vidare vart framlagt brev av 03.06.03 frå Årdal Elveeigarlag vedk. saka.

Nils Jarl Nessa/AP sette fram følgjande tilleggsforslag:

Hjelmeland kommune opprettheld sitt krav vedteke i Hjelmeland kommunestyre 27.02.02, pkt. 5.1, som lyder:

"Konsesjonæren byggjer og held vedlike veg for utsetjing/opptak for båt på Lyngsvatn og Nilsebuvatn i tilknytning til anleggsvegen."

RØYSTING:

Nils Jarl Nessa sitt tilleggsforslag	: samrøystes vedtatt
Rådmannen si tilråding/heile saka elles	: samrøystes vedtatt

VEDTAK:

1. Hjelmeland kommune gir uttale gjeldande NVE si innstilling til reviderte/nye konsesjonskrav overfor Lyse Produksjon A/S gjeldande konsesjonen 19.11.48 om regulering og overføring av Årdalsvassdraget i samsvar med rådmannen sitt framlegg datert 22.05.03..
2. Ordføreren i Hjelmeland kommune ber om å få møte departementsleinga for å utdjupe og grunngje kravsdokumentet av 28.02.02 og uttalen av 22.05.03/04.06.03 til NVE si innstilling gjeldande reviderte konsesjonsvilkår for Lyse Produksjon A/S i anledning regulering og overføring av Årdalsvassdraget.
3. Hjelmeland kommune opprettheld sitt krav vedteke i Hjelmeland kommunestyre 27.02.02, pkt. 5.1, som lyder:
"Konsesjonæren byggjer og held vedlike veg for utsetjing/opptak for båt på Lyngsvatn og Nilsebuvatn i tilknytning til anleggsvegen."

Hjelmeland kommune
Avd. interne tenester

Saksutgreiing:

Vedlegg i saka:

Saksopplysningar / fakta:

Hjelmeland kommune begynte arbeidet med å krevje revisjonsprosess gjeldande konsesjonsvilkåra for regulering og overføring av Årdalsvassdraget i 1996.

Krav i akseptert form fremja kommunen 18.11.98.

Etter den tid har saka vorte omfattande handsama i drøftingar, synfaringar og møte i m.a. formannskap/kommunestyre.

Krav om reviderte/nye vilkår vedtok kommunestyret i møte den 27. februar 2002.

På grunnlag av utgreiinga og fråsegner frå konsesjonæren omfattande uttalemasse frå ei rekke interessentar, tilleggsutgreiingar og drøftingar, har Vassdrags- og energidirektoratet den 26.03. 2003 avgitt innstilling til Olje- og energidepartementet.

Innstillinga er gjort kjent for formannskapet som uttrykt vedlegg.

Formannskapet har vidare som trykt vedlegg fått oversendt gjeldande konsesjonsvilkår og manøvreringsreglement, og NVE sitt forslag til tilsvarende nye/nytt. Det same gjeld DN-standard for naturforvaltning.

Rådmannen har i forslag til uttale datert 22.05.03 gjeldande NVE si innstilling m.a. omtala NVE sitt standpunkt til dei ulike krav frå kommunen.

Saka er nå flytta over frå fagseksjonen til administrativ/politisk leiing for avgjerd.

Då saksomfanget er omfattande og til dels komplisert, meiner rådmannen det vil vere naudsynt for kommunen å få orientert nærare om vurderingar, grunngjevingar og krav i møte med departementsleiinga.

Det vises i denne anledning også til rådmannen sitt uttaleforslag av 22.05.03, pkt. 4.3 siste ledd.

Rådmannen si tilråding:

1.

Hjelmeland kommune gir uttale gjeldande NVE si innstilling til reviderte/nye konsesjonskrav overfor Lyse Produksjon A/S gjeldande konsesjonen 19.11.48 om regulering og overføring av Årdalsvassdraget i samsvar med rådmannen sitt framlegg datert 22.05.03..

2.

Ordføraren i Hjelmeland kommune ber om å få møte departementsleiinga for å utdjupe og grunngje kravsdokumentet av 28.02.02 og uttalen av 22.05.03/04.06.03 til NVE si innstilling gjeldande reviderte konsesjonsvilkår for Lyse Produksjon A/S i anledning regulering og overføring av Årdalsvassdraget.